

Tinglyst rett til parkeringsplassar i parkeringskjellar på gbnr 137/800, Lindås kommune.

I fleirmannsbustad med 5 bueiningar på gbnr 137/800 er det bygd felles parkeringskjellar.

Parkeringskjellaren inneheld 20 parkeringsplassar.

Parkeringsdekninga for fleirmannsbustaden er jf. reguleringsføresegnene 1,5 bilar pr eining. 5 einingar gjev totalt 8 plassar. Plassane er tildelt seksjonane 1-5 og vist på planteikning datert 13.11.2017

Reigstad Bygg og Eigedom as (RBE) skal disponere dei resterande 12 parkeringsplassane, vist på planteikning som "RBE-tinglyst"

Rettar

Med dette vert Reigstad Bygg og Eigedom as (org. nr 982 231 345) gjeve rett og eigarskap til 12 parkeringsplassar i felles parkeringskjellar på gbnr 137/800. Reigstad Bygg og Eigedom as står fritt til å omsetje/gje vidare retten til desse parkeringsplassane. Retten omfattar og vegtilkomst til parkeringskjellar, samt gangrett på stiar vist på situasjonsplan datert 13.11.2017.

Område for parkering i kjellar er vist på planteikning datert 13.11.2017 merka med "RBE-tinglyst"

Plikter

Eigarar av parkeringsplassane "RBE-tinglyst" lyt svare til sin forholdsmessige del av fellesutgifter og vedlikehald av parkeringskjellaren, tilkomstvegen og gangstiane.

Representant i sameige Alverneset

I saker for sameige Alverneset som gjeld tilkomstveg, parkeringskjellar og gangstiar jf. rettar/plikter over, har ein fellesrepresentant for "RBE tinglyst" rett og plikt til å delta i møte.

Underteikning heimelshavar gbnr 137/800

Reigstad Bygg og Eigedom as (org nr. 982 231 345)

Kjell Reigstad

Reigstad Bygg og Eigedom as

Tinglyst gangrett over gbnr 137/800 og fram til gbnr 137/798, Lindås kommune.

Rettar

Med dette vert gbnr 137/798 i Lindås kommune gjeve gangrett på stiar vist på situasjonskart datert 13.11.2017 over gbnr 137/800. Retten gjev moglegheit for tilkomst til eigedomen gbnr 137/798 via gbnr 137/800.

Plikter

Eigar av 137/798 lyt svare til sin forholdsmessige del av fellesutgifter og vedlikehald av gangstiane.

Underteikning heimelshavar gbnr 137/800

Reigstad Bygg og Eigedom as (org nr. 982 231 345)



Kjell Reigstad

Reigstad Bygg og Eigedom as